



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2023/81-2

Sakshandsamar: Gunnhild Helene Breiland

### Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval	02.02.2023	3/23

## Forvaltningsansvar og rammer for statlege midlar til jord- og skogbruket i 2023

Saksframlegg godkjent av Konstituert kommunalsjef plan og næring, Knut Erik Paulsen 27.01.2023.

### Vedlegg

- 1 Tildeling av tilskuddsmidler til jord- og skogbruket i kommunene i Vestfold og Telemark 2023

### Bakgrunn for saka

Kommunane får kvart år overført ei ramme frå Statsforvaltaren for ulike tilskotsordningar innanfor jordbruk og skogbruk. Saman med denne ramma fylgjer også eit forvaltningsansvar. Storleiken på den tildelte ramma er basert på innmelde behov og gjennomføringsevne tidlegare år.

Kommunane skal informere og rettleie søkjarar om regelverk og søknadsprosessen, handsame søknadar og fatte vedtak. Kommunen skal også etablere internkontroll med sakshandsaminga.

For SMIL og NMSK skal kommunen også fastsetje lokale retningslinjer for prioritering av midlane innanfor desse ordningane, saman med faglaga. For SMIL skal denne gjelde frå 2023-2026, og utarbeiding av denne vil vere eit meir omfattande arbeid. Strategiplan for SMIL-midlar vil derfor kome som eiga sak til utvalet i mars/april.

Vi har følgjande statlege tilskotsmidlar innan jordbruk og skogbruk til disposisjon i 2023:

SMIL kr. 400 000

Drenering kr. 125 000

Tiltak i beiteområde kr. 80 000

NMSK – skogkultur: 150 000

NMSK – veg, taubane o.a.: 100 000

## Vurdering

### Drenering av jordbruksjord: kr 125.000

Formålet med tilskotet er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord ved å gje tilskot til drenering av dårleg drenert jord med potensial for auka jordbruksproduksjon, samt å redusere faren for erosjon og overflateavrenning av næringsstoff til vassdrag.

I jordbruksoppgjæret for 2022 er satsane auka til 38 kr/ lm, avgrensa til 2500 kr/daa. Statsforvaltaren opplyser at dei i år har ei romsleg økonomisk ramme der kommunane kan be om meir midlar dersom tildelt ramme vert bruka opp. Det vert tilrådd at kommunen marknadsfører både agronomiske fordelar av drenering og tilskotsordninga aktivt.

Vilkår for ordninga:

- Både eigar og leigar av jordbruksarealet kan søkje, men tilskotet skal gjevast til den som har kostnaden med tiltaket.
- Areala skal tidlegare ha vore grøfta
- Unntaket er planerte areal, som det kan gjevast tilskot til utan at dette har vore grøfta tidlegare.
- Ordninga gjeld ikkje drenering ved nydyrking
- Det skal leggjast ved plan for drenering og skildring av tiltaket, kart med planlagde grøfter og andre dreneringstiltak, samt miljøvurdering
- Tiltaket må ikkje vere påbyrja før søknad er handsama

Søknadsfrist: Fortløpande, seinast 10. november.

### Tiltak i beiteområde: kr 80.000

Ordninga skal stimulere til utmarksbeiting, og i den samanheng best utnytting av beite, samt å redusere tap. Fyrst og fremst skal ordninga fremje fellestiltak der det hovudsakeleg er beitelag som kan søkje om midlar.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark opplyser at ramma dei har fått til fordeling til kommunane er på kr 610 000, medan kommunane har meldt inn eit behov på nærmare 1,5 mill. Dei siste åra har Tokke kommune hatt høgt trykk på desse midlane, med mange søknadar og tildels svært høge kostnadsoverslag og søknadssummar. Dette skuldast både av at Tokke har mange beitelag og mykje sau på utmarksbeite, og at mange beitelag investerer i ulike former for elektronisk overvakingsutstyr. Ramma kommunen har fått tildelt har vore lita dei siste åra og vi har derfor vore tvinga til å avslå mange søknadar. Innvilga tilskot har også vore mykje lågare enn kva retningslinene tilseier. Det er derfor gledeleg å sjå at den tildelte ramma for 2023 er dobla frå i fjor!

På grunn av høg etterspurnad etter midlar til elektronisk overvakingsutstyr, valde Tokke kommune å innføre tilskotsordning til denne type tiltak gjennom revidering av landbruksplanen. Frå 2023 kan derfor jordbruksføretak som held til i Tokke søkje om tilskot til elektronisk overvaking gjennom landbruksplan. Vi vil derfor ikkje lenger prioritere søknadar som gjeld elektronisk overvaking framfor søknadar som gjeld andre faste installasjonar gjennom den statlege ordninga. Dersom søknadsmengda er lita kan likevel denne type tiltak få stønad gjennom ordninga «Tiltak i beiteområde»

Prioriterte tiltak:

- Sanke- skiljeanlegg
- Ferister av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar
- Sperregjerder (det vert ikkje gjeve tilskot til ordinær inngjerding)
- Bruer dimensjonert for føring av beitedyr
- Investeringar knytt til teknologi og elektronisk overvakingsutstyr (ikkje prioritert ved stor søknadsmengd)

Tilskot kan gjevast med inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag.

Søknadsfrist: 15. mars.

### Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK): kr 150.000

Som tidlegare er tildeling basert på ungskogpleieaktiviteten året før. Aktiviteten tok seg opp att i 2022, etter eit dårleg år i 2021. Statsforvaltaren ynskjer framleis ikkje å stimulere til skogplanting gjennom NMSK-ordninga. Det er eit mål i landbruksplanen i Tokke kommune at ein skal ha fokus på høg skogkulturaktivitet for å sikre framtidsskogen. Tokke kommune gjer 20 % kommunalt tilskot til ungskogpleie, i tillegg til det statlege.

Det er på gang utarbeiding av nye skogbruksplanar i Tokke. Erfaringar syner at nye skogbruksplanar stimulerer til auka aktivitet i skogen.

På grunn av stor beiteproblematikk av elg på furu i delar av kommunen, har det kome ynskje om tilskot på markberedning. Dette er ei billigare løysing for å få opp ny skog, og ofte får ein veldig godt tilslag på forynginga ved markberedning.

#### Prioriterte tiltak:

- Aktivt informere om skattefordelane ved å nytte skogfundsordninga.
- Bevisstgjere skogeigarar om lønnsemd av å ha kvalitetsskog.
- Stimulere til auka hogst for å etablere ny skog og for å frigjere skogfondsmidlar.
- Fylgje opp bærekraftforskrifta som seier at skogeigerane pliktar og leggje til rette for ei tilfredstillande forynging innan 3 år etter hogst.
- Samarbeid på tvers av kommunegrensene i Vest-Telemark.

Tilskotsatsane er diskutert med skogeigarlaget. Kommunal prioritering etter tildelinga frå Statsforvaltaren blir å støtte ungskogpleie med inntil 40 % tilskot og markberedning med inntil 30 %

Søknadsfrist: Fortløpande, seinast 10. november.

#### Tilskot til skogsvegar, drift med taubane, hest o.a.: kr 100 000

Den totale tildelinga til Vestfold og Telemark i 2023 frå Landbruksdirektoratet er på kr 6.000.000,- kr. I tillegg er det overført 255.590,- kr frå 2022.

Tokke var ein av kommunane i Vestfold-Telemark som blei hardt råka av vindfall under stormen i november 2021. Landbruksdirektoratet innførte tilskotordning for opprydding av vindfall. Denne ordninga er vidareført til 1. juni 2023.

Tokke har fått tildela 100 000,- kroner for 2023. Statsforvaltaren har halde tilbake 1.455.590,- kr til fordeling til kommunar som treng meir midlar.

I tråd med retningsliner for søknad om tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar gjev ein tilskot på mellom 20 % og 50 %. Satsane vert fastsett ut frå kvalitet og lønnsemd på vegprosjektet. For taubane og hest er det inntil 80 kroner pr. m<sup>3</sup>.

Søknadsfrist: Fortløpande, seinast 10. november.

#### **Landbruk, miljø og teknisk utval si handsaming av sak 3/2023 i møtet den 02.02.2023**

##### **Røysting**

Kommunedirektøren si tilråding var samrøystes vedteke.

##### **Vedtak**

1. LMT vedtek framlegg til forvaltning av dei økonomiske midlane til jordbruket i Tokke for 2023 slik det går fram av saksutgreiinga.

2. Disponible midlar vert fordela i den storleik og til dei føremål som går fram i saka.

3. Kommunedirektøren har høve til å gjere endring i fordeling til føremål utover i året, dersom det skulle vera naudsynt. Handsaming av søknader vert delegert til administrasjonen.

---

### **Kommunedirektørens tilråding**

1. LMT vedtek framlegg til forvaltning av dei økonomiske midlane til jordbruket i Tokke for 2023 slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Disponible midlar vert fordela i den storleik og til dei føremål som går fram i saka.
3. Kommunedirektøren har høve til å gjere endring i fordeling til føremål utover i året, dersom det skulle vera naudsynt. Handsaming av søknader vert delegert til administrasjonen.